



FYLKESPLAN



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkesplan 2013 - 2016 | Vi vågar litt meir

Handlingsprogram for **Kultur 2016**

Handlingsprogram kultur 2016

Handlingsprogram for kultur er vedteken av fylkesutvalet [25.02.13] [U-11/15] og er utarbeidd i samsvar med nasjonale føringar og regionalpolitiske prioriteringar, føringar og vedtak i T-7/12 og T-74/12.

Det regionale plansystemet

Fylkesplan 2013-2016 (T-74/12) er forankra i Regional planstrategi 2012-2016, T-7/12.

Regional planstrategi 2012-2016 prioriterer 13 regionale planar. Fylkesplan 2013-2016 er ein av desse. Dei 12 andre planane er omtala som regionale delplanar og skal vere forankra i fylkesplanen.

Gjennomføring av Fylkesplan 2013-2016

Fylkesplan 2013-2016 er ein arena for å utvikle heilskapleg, regionalt forankra samfunnspolitikk. Planen skal vere vegvisar for korleis vi ønskjer å utvikle samfunnet Møre og Romsdal.

Fylkesplan 2013-2016 har fire satsingsområde – Kultur, Kompetanse, Verdiskaping og Samferdsel. Desse skal følgjast opp gjennom handlingsprogram for det enkelte satsingsområde. Handlingsprogramma skal rullerast årleg og skal medverke til god samanheng mellom plan, verkemiddel og gjennomføring.

Gjennomføringa av fylkesplanen avhengig av eitt breitt samarbeid mellom mange partar – frå statlege etatar på regionalt nivå, til kommunar, næringsliv, forskings- og utdanningsinstitusjonar, kulturlivet og dei frivillige organisasjonane. Handlingsprogram for kultur er utarbeidd i partnerskap kommunar, kulturinstitusjonar og frivillige lag og organisasjonar.

Kunnskapsgrunlaget

Prioriteringane i fylkesplanen og i Handlingsprogram for kultur er gjort med utgangspunkt i:

- Fylkeskommunen sine publikasjonar Fylkesstatistikk, RISS, TEMP og Regionale utviklingstrekk (grunnlagsdokumentet til Regional planstrategi 2012-2016)
- Evaluering av Fylkesplan 2009-2012 og Fylkesdelplan Transport 2002-2011
- Innspel frå nettverksmøte og høyringsuttalar (jf. T-74/12)
- Workshops på regionale møte og under fylkeskulturkonferansen 2012.

Følgjande dokument har også vore viktig for prioriteringane i Handlingsprogram for kultur:

- St. meld 26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen
- Evaluering av Møremusikarordninga, Møreforskning, 2007
- Prioriteringsbrev frå Riksantikvaren 30.11.2012.
- Senter for digitalisering av kulturarven i Møre og Romsdal – SEDAK. Rapport frå prosjektperioden 2010-2012.

I arbeidet med Handlingsprogram for kultur er det tatt omsyn til nasjonale føringar for planarbeidet. For oversyn over lover, forskrifter, stortingsmeldingar ol., sjå planprogrammet til fylkesplanen (U-106/12).

Hovudmål for satsingsområde kultur

Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig og kunnskapsrikt kulturliv, der aktivitetar og opplevingar, inkludering og folkehelse står sentralt. For å nå målet vårt skal vi jobbe med frivillig sektor, kulturformidling, friluftsliv og folkehelse, bibliotekutvikling, kulturarv og kultur nærings.

Resultatmål 1: Frivillige lag og organisasjonar skal vere berekraftige og vere offensive i sine lokalsamfunn.

Kulturaktivitet og kulturoppleving er ein berebjelke for lokal identitet, trivsel og utvikling. Samstundes er det uråd å tenke seg kulturaktivitet utan frivillig engasjement. Frivillig engasjement og innsats blir i stor grad teke for gitt, og det er ei utfordring for det offentlege å skape gode rammevilkår for frivillig sektor. Det er eit stort potensiale for utvikling i frivillig sektor når det gjeld berekraft, kompetanse og inkludering. Det vil vere viktig å arbeide for ein inkluderande profil og låge deltakaravgifter i frivillige lag og organisasjonar, slik at flest mogleg kan delta.

Gjennom forvaltning av fylkeskommunale og statlege midlar bidreg kulturavdelinga til å styrke utviklingsarbeid og berekraft i frivillig sektor i fylket.

Innsatsområde 1: Rammevilkår og kompetanse i frivillige lag og organisasjonar

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Kome i gang med samarbeidsavtalar om involvering av eldre som ressurs i fleire kommunar.	Fylkeskommunen	
Tilskot til prosjekt i frivillig verksemd - søknadsbasert	Fylkeskommunen	1 000 000
Tilskot til frivillig fleirkulturell verksemd - søknadsbasert	Fylkeskommunen	300 000
Tilskot til lokale konsertarrangørar (konsertstøtte) - søknadsbasert	Fylkeskommunen	300 000
Tilskot til større idrettsarrangement - søknadsbasert	Fylkeskommunen	300 000

Budsjett resultatmål 1 2016		1 900 000
------------------------------------	--	------------------

Resultatmål 2: Kunnskap-, kunst- og kulturformidlinga skal vere allsidig, med høg kvalitet og for alle.

Kulturformidling i Møre og Romsdal involverer mange partar frå profesjonell og frivillig verksemd. Fylket sine kulturinstitusjonar, fagfolk i kommunane, frie kunstnarar og kulturskulane er døme på det profesjonelle kulturlivet. Kor, korps, historielag, frivillige festvalarbeidarane og eit breitt spekter av frivillige organisasjonar tek vare på, og utviklar, store delar av kulturaktivitetane i fylket.

Biblioteka spelar ei viktig rolle i samfunnet – både som formidlar av kunnskap og kultur, og som møteplass og arena for oppleving, inkludering og formidling av kulturarven lokalt, for alle.

Innsatsområde 1: Kunst- og kulturformidling for barn og unge

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Tilby barnehagar i 23 kommunar minst 2 kunst- og kulturproduksjonar kvar per år gjennom kulturesekk barnehage	Fylkeskommunen Rikskonsertane Kommunane	1 500 000 400 000 150 000
Kulturesekk til alle elevar i grunnskule og vidaregåande skule	Kulturdepartementet Rikskonsertane Kommunane (eigenandel) Fylkeskommunen	10 850 000 2 900 000 2 640 000 ¹
Kulturrabatt for ungdom	Fylkeskommunen	1 200 000
Vidareutvikling og drift av utviklingsprosjekta Unge arrangørar og Ungdommens referansegruppe, jfr samarbeidsavtale mellom UKM Noreg og Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeskommunen kulturinstitusjonar, kulturskular, frivillige lag og org., Ungdomspanelet og URG UKM	100 000
Utlysing av stimuleringsmidlar til kommunane som har inngått samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om utvikling av UKM.	Fylkeskommunen Møre og Romsdal Musikkråd Kommunane	100 000
Oppstart av "Morild" – fylkesmusikal for unge talent i Møre og Romsdal.	Fylkeskommunen Colombine	250 000

¹ Driftsmidlar til fire stillingar

Innsatsområde 2: Styrke profesjonell kunst- og kulturkompetanse i fylket, både hos utøvande kunstnarar og hos kulturarbeidarar

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Møremusikarane sin konsertserie	Fylkeskommunen Møremusikarane	100 000
Møre og Romsdal fylkeskommune sitt Kunstnarstipend	Fylkeskommunen	600 000
Tilskot til profesjonell kunst – og kulturproduksjon – søknadsbasert	Fylkeskommunen	500 000
Møremusikartenester – frilansordninga	Fylkeskommunen	²

² Innanfor ramma til kulturavdelinga

Innsatsområde 3: Inkludering i kunst- og kulturformidling

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Den kulturelle spaserstokken	Fylkeskommunen	2 00 000 ³

³ Del av fylkeskommunen si rammeoverføring frå staten.

Innsatsområde 4: Styrke folkebiblioteka som kunnskapssentra og kulturberarar

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Sette i gong 1 prosjekt i folkebiblioteka – t.d kjernetilbod, filialar, samarbeid (kommunereforma)	Fylkeskommunen Kommunane	90 000
Bidra til at folkebiblioteka leverer katalogdata og blir med i det nasjonale Biblioteksøk.	Fylkeskommunen Kommunane	100 000
Gjennomføre 3 nettverksamlingar for leseombod	Fylkeskommunen Kommunane	40 000
Tilby folkebiblioteka 1 turne per år med profesjonell litteraturformidling til ungdom regionvis.	Fylkeskommunen Kommunane	100 000
Bidra til å auke leselyst og leseglede til barn og unge	Fylkeskommunen Kommunane	40 000
«Lesar møter litteratur» - nye formidlingsmåtar av litteratur til vaksne	Fylkeskommunen Kommunane	50 000
Tilskot til arrangement i biblioteka - søknadsbasert	Fylkeskommunen	200 000

Budsjett resultatmål 2 2016		23 810 000
------------------------------------	--	-------------------

Resultatmål 3: Det skal leggest til rette for eit inkluderande mangfald av organisert og uorganisert aktivitet, gjennom egna kultur- og idrettsbygg, møtestadar og tilgjenge til friluftaktivitetar.

Aktivitetsprofilen i befolkninga er i stadig endring, og det er derfor viktig å tenkje nytt og ut i frå dei reelle behova i befolkninga. Undersøkingar syner at det er behov for fleire møteplassar for uorganisert aktivitet, samt betra tilrettelegging for dei som i dag er lite aktive. I folkehelselova (2010) har fylkeskommunen fått eit tydeleg ansvar for å vere ein regional pådrivar og utviklar på folkehelseområdet. Korleis vi prioriterer utviklinga av anlegg og møteplassar vil få store konsekvensar for helsa til innbyggjarane på lang sikt.

Innsatsområde 1: Utvikle tenlege anlegg og kulturbygg

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Arbeide for å få godkjent 2 nye interkommunale anlegg i spelemiddelordninga planperioden.	Fylkeskommunen	
Kartlegge akustikktilhøve i kultur og idrettsbygg.	Fylkeskommunen	100 000
Tilskot til lokale kulturbygg – spelemidlar	Fylkeskommunen Kulturdepartementet	5 000 000 ¹
Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – spelemidlar	Fylkeskommunen Kulturdepartementet	67 000 000 ¹

¹ Tildelt sum 2015.

Innsatsområde 2: Kartlegging, merking, gradering, marknadsføring og utbetring av friluftslivet sin infrastruktur

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Oversette morotur.no til engelsk	Fylkeskommunen	250 000
Bidra til utvikling av minst 2 signalanlegg innan friluftsliv i planperioden.	Fylkeskommunen	
Utvikle nytt lågterskel turtilbod – "Kul-Tur"	Nordmøre og Romsdal friluftsråd Fylkeskommunen	
Tilskot til mindre friluftstiltak - søknadsbasert	Fylkeskommunen	150 000
Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde - søknadsbasert	Fylkeskommunen Miljødepartementet	2 000 000 ¹
Kartlegging og verdsetting av friluftsområde (MRFK søker på vegne av interesserte kommunar)	Fylkeskommunen Miljødirektoratet	250 000 ¹
Tilskot til skilting og merking – "Turskiltprosjektet – det skal merkes i hele landet" - søknadsbasert	Fylkeskommunen Gjensidigestiftelsen Kommunar, Friluftsråda og lokale lag og foreningar	450 000 500 000
Arrangere dagsseminar for kommunane om naturinngrep og bygging av turstiar.	Fylkeskommunen Forum for natur og friluftsliv	

¹ Tildelte midlar i 2015

² Utløyser midlar frå Riksantikvaren sine bevaringsprogram for bergkunst (BERG) og utvalde arkeologiske kulturminne (BARK)

Budsjett resultatmål 3 2016		75 700 000
------------------------------------	--	-------------------

Resultatmål 4: Gjennom betre planlegging og styrka samarbeid med lokale, regionale og nasjonale aktørar skal ein ta vare på, utvikle og formidle kulturarven.

Kulturminne står sentralt når det gjeld å byggje identitet, skape attraktivitet og som grunnlag for næringsutvikling i kommunane. Med utgangspunkt i arbeidet med regional delplan og lokale kulturminneplanar, vil vi arbeide for å ta vare på verdifulle kulturminne og kulturmiljø gjennom sikring, restaurering, skjøtsel og tilrettelegging. For å sikre og formidle kulturarven vår, vil det vere viktig å bearbeide, digitalisere og formidle kjeldemateriale ut i frå nye problemstillingar.

Innsatsområde 1: Vern og formidling av kulturarven

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Kartlegge tilstand og sårbarheit på kulturminner og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi	Fylkeskommunen	100 000
Gjennomføre prosjektet Kystpilegrimsleia ¹ 2015-2018.	Riksantikvaren, Fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag, Bispedøma og kommunar	²
Bygge ut og formidle den lokalhistoriske basen MøreRom ³ .	Fylkeskommunen IKA	80 000
Tilskot til forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand for bygningar og anlegg - søknadsbasert	Fylkeskommunen	100 000
Tilskot til istandsetting og vedlikehald av freda bygningar og anlegg - søknadsbasert	Fylkeskommunen Riksantikvaren	7 000 000 ⁴
Tilskot til istandsetting og vedlikehald av bygningar og anlegg i verdsarvområde - søknadsbasert	Fylkeskommunen Riksantikvaren	1 500 000 ⁴
Tilskot til istandsetting og vedlikehald av kulturminne og kulturmiljø av regional og lokal høg verdi - søknadsbasert	Fylkeskommunen Kulturminnefondet	1 000 000
Tilskot til fartøyvern - istandsettings- og vedlikehaldstiltak - søknadsbasert	Fylkeskommunen Riksantikvaren	250 000 250 000
Folkemusikkprosjektet - KF vedtak. UTFYLLANDE tekst?	Fylkeskommunen	900 000

¹ Kystpilegrimsleia er ei samanhengande reiserute langs kysten, med utgangspunkt i kulturminner, heilagstader og eit heilskapleg reiselivstilbod.

² Forskuttert 100 000 kroner i 2015 for 2016

³ MøreRom: ein samla søkeinngang til lokalhistoriske artiklar frå sogelagsskrift.

⁴ Tildelte midlar i 2015

Innsatsområde 1: Matkultur

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Prosjektet "Mat og reiseliv i Møre og Romsdal - grøn og blå sektor" skal etablerast i samarbeid med reiselivsnæringa og aktørar/produsentar innan lokalmat frå grøn og blå sektor. Innspelskonferansar vil vere med på å designe innretting av satsinga	Fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Fylkesmannen	

Budsjett resultatmål 4 2016		2 680 000
------------------------------------	--	------------------

Resultatmål 5: Legge til rette for møtestadar og nettverk som bidreg til fleire nye kulturnæringsarbeidsplassar og auka overlevings- og innovasjonsgrad (i eksisterande verksemdar).

Kulturnæringane har vore gjenstand for interesse og satsing dei seinare åra. For å styrke satsinga er det behov for å legge til rette for auka nettverksbygging og samarbeid internt i næringa, mellom dei ulike næringane og i verkemiddelapparatet. Det vil også vere eit behov for å etablere godt fungerande arenaar for å stimulere til samarbeid, kompetanseoverføring og utvikling. Program for kreative næringar i Møre og Romsdal 2013-2016 vart vedteke i Fylkesutvalet 1. Juli 2013, og er eit samarbeid mellom avdelingane kultur og regional og næring og Innovasjon Norge.

Innsatsområde 1: Kreative næringar og forretningsutvikling

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Tilby kurs i forretningsplanlegging for kreative næringar/"Bygg bedrift-forretningsutvikling for kulturbedrifter" (IN)	Fylkeskommunen Innovasjon Norge og SIVA-miljøa	1
Tilby kurs i salgs- og presentasjonsteknikk gjennom hoppid.no	Fylkeskommunen	1
Auke talet på ungdoms- og studentbedrifter innan utdanningsløp i kreative fag.	Ungt Entreprenørskap Fylkeskommunen	2
Etablerartilskot øyremerka kreative næringar, forvalta av Innovasjon Norge	Fylkeskommunen Innovasjon Norge	1 000 000 ³
Avklaringsmidlar hoppid.no – øyremerka kreative næringar	Fylkeskommunen	500 000 ³
Location MR – nye rammevilkår, nye marknader ⁴	Fylkeskommunen Vestnorsk Filmsenter Western Norway Film Commission	600 000 ³
Innovasjonsfestival for kreative næringar ⁵	Fylkeskommunen	
Utvikle mentorordning for kreative næringar	Fylkeskommunen	1 000 000 ³
Startstipend til kreative talent	Fylkeskommunen	400 000
Lyse ut midlar til arbeidsfellesskap for profesjonelle kunstnarar	Fylkeskommunen	1 000 000 ³
Prosjektmidlar - søknadsbasert	Fylkeskommunen	500 000

¹Innanfor ramma til RN/hoppid.no

²Innanfor ramma til Ungt Entreprenørskap

³Regionale utviklingsmidlar, Kap. 551 post 60

⁴Location MR er eit prosjekt som skal styrke marknadsføringa av Møre og Romsdal som innspilingsstad for nasjonale og internasjonale film- og tv-produksjonar. Prosjektet skal også posisjonere fylket ovanfor nye marknader gjennom visningsturar og deltaking i marknaden/fora kor produsentar møtes.

⁵I samband med nasjonal entreprenørskapsveke i november vil vi legge til rette for ein Innovasjonsfestival for kreative næringar. Festivalen vil innehalde mellom anna erfaringskonferanse for program for kreative næringar, pitche-konkurranse for startstipend til kreative talent, samling for delar av verkemiddelapparatet med meir. Samarbeidspartar vil vere prosjekt og personar program for kreative næringar har gjeve tilskot til.

Innsatsområde 2: Styrke kulturnæringar basert på tradisjonelle handverksfag

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Arbeide for å innlemme tradisjonelle handverksbedrifter i nettverket Economusee	Fylkeskommunen	250 000

Budsjett resultatmål 5 2016 **5 250 000**

Resultatmål 5 er handlingsprogram 2016 for programmet og er identisk med resultatmål 4, Innsatsområde 5 i Handlingsprogram Verdiskaping 2016.

Resultatmål 6: Fremje folkehelsa i Møre og Romsdal

Befolkninga si helse er avgjerande for all utvikling i fylket. Å arbeide systematisk med folkehelsa, er å hegne om den humane kapitalen som vi bygger samfunnet på. Fylkeskommunen har ei lovpålagt koordinerende rolle for utvikling av folkehelsearbeidet i fylket. Det inneber at fylkeskommunen sine egne ansvarsområder og tenester skal drivast på ein slik måte at det fremmer helse i befolkninga. I tillegg skal fylkeskommunen koordinere og understøtte kommunane sitt heilskapelege folkehelsearbeid.

I Møre og Romsdal har vi valt å bygge eit forpliktande partnerskap med kommunane om utvikling av folkehelsearbeidet, God Helse-partnerskapen. I følgje folkehelselova skal fylkeskommunen og kommunane ha oversikt over faktorar som påverkar helsa til innbyggjarane i fylket, og sette i gang planarbeid og tiltak på bakgrunn av denne kunnskapen.

Innsatsområde 1: Utvikling og koordinering av folkehelsearbeidet

Tiltak	Ansvar	Budsjett
Starte eit treårig prosjekt saman med seks kommunar om kartlegging og identifisering av nærmiljøkvalitetar gjennom medverknad frå befolkninga	Fylkeskommunen Ørsta, Volda, Ulstein, Ålesund, Sunndal og Giske kommunar Hesledirektoratet	2 200 000 2 200 000
Vidareutvikle og koordinere God Helse partnerskapet i tråd med føringane i Regional delplan folkehelse 2014-2017	Fylkeskommunen	¹
Inngå samarbeidsavtale om folkehelsearbeid med friluftsråda og Møre og Romsdal Idrettskrets	Fylkeskommunen Friluftsråda Møre og Romsdal Idrettskrets	¹
Arrangere samlingar i kommunane i arbeidet med oversikt over folkehelsa.	Fylkeskommunen	¹
Arrangere nettverkssamling for Frisklivssentralane	Fylkeskommunen Fylkesmannen	¹
Oppfølging av "Betre oppvekst – kommunekartlegging". Formidle resultat, avklare status og utfordringar	Fylkeskommunen Fylkesmannen	¹
Sette samanhengar mellom helse og kulturopplevingar på dagsorden på ei samling for kommunane.	Fylkeskommunen Kommunane	¹
Fiskesprell – tilskot til kurs og kursmateriell i kommunane, barnehagar. Søknadsbasert ¹	Fylkeskommunen Norsk Sjømatråd	²
Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet og folkehelse - søknadsbasert	Fylkeskommunen	250 000

¹ Innanfor ramma til kulturavdelinga

² Fylkeskommunen søker Norsk Sjømatråd om midlar dersom det er interesse for det frå kommunane

Budsjett resultatmål 6 2016	4 650 000
------------------------------------	------------------

Budsjett Handlingsprogram 2016 per resultatmål og totalt:

Resultatmål	Budsjett
1. Frivillige lag og organisasjonar skal vere berekraftige og vere offensive i sine lokalsamfunn.	1 900 000
2. Kunnskap-, kunst- og kulturformidlinga skal vere allsidig, med høg kvalitet og for alle.	23 910 000
3. Det skal leggjast til rette for eit inkluderande mangfald av organisert og uorganisert aktivitet, gjennom egna kultur- og idrettsbygg, møtestadar og tilgjenge til friluftaktivitetar	75 700 000
4. Gjennom betre planlegging og styrka samarbeid med lokale, regionale og nasjonale aktørar skal ein ta vare på, utvikle og formidle kulturarven.	2 680 000
5. Legge til rette for møtestadar og nettverk som bidreg til fleire nye kulturnæringsarbeidsplassar og auka overlevings- og innovasjonsgrad (i eksisterande verksemder).	5 250 000
6. Fremje folkehelsa i Møre og Romsdal	4 650 000
Prosjekt som ikkje står i HP, men som skal bli dekt av ramma	
Næmingeordninga (T - 79/15) - båtbyggjar	300 000
Sunnmøre Museum (KF - 13/15) - flytting av bedehus	200 000
Sum	114 090 000

For meir informasjon om Møre og Romsdal fylkeskommune sine tilskotsordningar, sjå

<http://mrfylke.no/Tilskot>



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkeshuset, 6404 Molde
Telefon 71 25 80 00
E-post: post@mrfylke.no | www.mrfylke.no

